

Audamotlandsgarden, ein typisk jærgard?

ANNE JORUNN FRØYEN OG KNUT G. AUSTAD

Jærmuseet er med i eit nasjonalt nettverk om kulturlandskap, og i den samanheng har prosjektet Noregsgarden blitt til. Prosjektet tek føre seg museumsgardar rundt i landet, seks i alt, og ein ser på fellestrekk og skilnadar mellom gardane i perioden frå 1850 til 1950. Arbeidet famnar om to artiklar frå kvart museum. Den første frå Jærmuseet heitte "Landskapsendringar sett gjennom ein museumsgard på Jæren – Audamotland i Hå" og blei gjevne ut i Heimen, eit vitskapleg tidsskrift for lokal og regionalhistorie i nr. 3 – 2012. Ein kan leggja til at heile heftet handlar om Noregsgardprosjektet. "Audamotland, ein typisk jærgard" er den andre artikkelen, og tek føre seg regionalitet. Korleis passar museumsgarden inn i mønsteret blant fleire andre jærske gardsbruk i gjevne tidsperiodar? Arbeidet har også danna grunnlaget for skjøtsels- og formidlingsplan for museumsgarden.

Røynslene Jærmuseet får av å vera med i slikt nettverksarbeid kan skapa overføringsverdi til dei andre museumsgardane (Vistnes i Randaberg, Kvia og Grødaland i Hå, og Lima i Gjesdal). Ein får såleis fram mykje ny kunnskap om dei enkelte gardbruka, både når det gjeld drift, og ikkje minst korleis dagleglivet arta seg for dei fastbuande. Og ein kan samanlikna museumsgardane under eitt, frå sjø til innland. Ein problemstilling som få museum har moglegheit til å gjennomføra.

Jærmuseet eig Audamotlandsgarden i Hå kommune på Jæren. Brukarane flytta frå garden i slutten av 1940-åra, jorda blei pakta vekk og bygningane var meir eller mindre til nedfalls då museet tok over i 1994. Då hadde alt kommunen kjøpt og delt opp bruket. Noko gjekk til næring, størstedelen blei ein del av Hanabergsmarka Kulturminne- og friluftsområde, medan Jærmuseet fekk tunet på garden, 6 dekar i alt. Det utgjør dei fleste av uthusa, heimehuset, hagen og tomta der smia låg, museet har altså berre ein liten del av det som var bruk nr. 18/1. Her ynskjer vi å sette garden og gardsdrifta på Audamotland inn i ein regional kontekst og spør, korleis utvikla museumsgarden seg samanlikna med andre gardar på Jæren?

Audamotland ligg vakkert til, like ved Audamotlandstjørn. Garden er lett å få auge på frå vegen mellom kyrkja og parkeringsplassen til Vitengarden. Det har budd folk lenge på denne garden, det er funne spor etter menneske tilbake til bronsealderen. Under svartedauden (om lag år 1350) flytta dei derifrå, og både innmarka og utmarka blei beiteland dominert av buskar, lyng og kratt. På slutten av 1500-talet blei garden igjen rydda og busett. I Noregsgardprosjektet har vi først og fremst tatt for oss tida mellom 1850 til 1950. Perioden markerar også eit skilje i garden si historie. I 1849 kjøpte Ole Pedersen garden av kyrkja, i 1948 flytta etterkommarane hans til Telemark og pakta vekk bruket. Dei hundre åra utgjør dermed ein avgrensa periode med sjølvveigande bønder på Audamotland. Dette var samtidig ei tid med store og raske endringar i jordbruket på Jæren. Frå å vere kornprodusentar i byrjinga

av perioden, dreiv dei ei intensivt plante og husdyrbruk i 1950. I prosjektet ynskjer vi å fange opp desse endringane, på Jæren og Audamotland.



Båttur på tjørnet. Sigrun Ødemotland heilt til venstre. Dei andre er truleg Asgaut Ånestad, Steinar Ånestad, Ragnar R. Reime og heilt høgre Gabriel Ødemotland (f.1903).
Foto: Sigrun Ødemotland Damsgård si fotosamling, Jærmuseet.

KVA LEVDE DEI AV, FOLKA PÅ AUDAMOTLAND? KVA HADDE DEI AV JORDBRUKSAREAL?

I 1873 skifta Ole Pedersen Ødemotland garden mellom dei tre sønene Peder, Gabriel og Søren. Gabriel kjøpte 18/1. Både Ole, Gabriel og Søren var smedar i tillegg til bønder. Peder var messingstøypar. Gabriel blei den siste smeden på 18/1. Etter han tok brorsonen Lars over, då blei gardsbruket einaste leveveg for hushaldet. På denne måten er brukarane på Audamotland døme på to generelle trekk ved jærisk jordbruks- og industrihistorie. Dei var allsidige ressursutnyttarar,

jærbonden var både "korndyrkar, fehaldar, fiskar, sjømann og handverkar i ulike kombinasjonar" skriv Lars Gaute Jøssang om jærbøndene før dei strukturelle endringane på 1800-talet.¹ Dei satsa etter kvart fullt og heilt på jordbruket. På Audamotland var dei handverkarar, smedar, før dei blei heiltidsbønder. Smier fanst på mange gardar, nokre av dei utvikla seg til noko meir, og danna grunnlaget for reiskapsfabrikkane på Jæren.² På Audamotland gjorde dei som i dei fleste gardssmiene, og slutta etter kvart som smedar.

På Jæren byrja utskiftinga av innmarka på 1820-talet, medan utmarka hovudsakleg blei skifta ut seinare i hundreåret.³ Matrikkelgarden Audamotland var benefisert Bø prestebol, seinare Hå sokneprestembete, og blei seld til Ole Pedersen (f.1792, d.1875) i 1849. Matrikkelskylda var 18 spann korn, som tilsvara 3 specie dalarar (spd), 3 ort og 18 skilling.⁴ Gjennomsnittsverdien på eit bruk i Nærbø og Varhaug på denne tida var 2 spd, 1 ort og 5 skilling,⁵ garden hadde dermed høgare verdi enn dei gjennomsnittlege bruka i prestegjeldet.

Fram til 1862 utgjorde garden ei brukseining, då delte Ole Pedersen garden med sonen Søren (f.1819), husmannsplassen Høneland skulle dei ha i lag. I 1873 blei Høneland skild ut frå begge gardsbruka til ei eiga brukseining. Då fekk Peder Olsen, som var eldst, denne minste eininga. Det var kanskje fordi Peder truleg ikkje var son til Ole, men til presten Kastrup i Hå. Kona til Ole og mor til gutane, Tabitta Gunnarsdotter Njærheim (f.1796, d.1865), blei fostra opp hos presten, og det var han som arrangerte ekteskapet med Ole Pedersen i "ei handvending".⁶

Bruket vårt, 18/1, var om lag 800 dekar i 1873. Det meste var utmark, kystlynghei⁷, og ein viktig fôrressurs for garden både sommar og vinter. Dei hadde rettar til å skjere torv på bruket 18/2, dessutan låg garden ved eit tjørn som gav drikke til dyra om sommaren.⁸ Som følgje av bruksdelinga gjekk garden ned i verdi. Først i 1862 til det halve, det vil sei om lag 1 spd., 3 ort og 13 skilling, ytterlegare då husmannsplassen Høneland blei skild ut i 1873, av ei skyld av 3 ort og 2 skilling.⁹

Sjølv om Jæren blir omtala som "eit samfunn av jamlikar",¹⁰ var det skilnad på folk. Svein Ivar Langhelle gjorde ein nærstudie av Hå kommune der han såg på gardane i 1865.¹¹ Ut frå talet på tenarar, kornproduksjon og tal på husdyr fann han ei rangordning dei i mellom. I hovudsak sette ikkje gardane med høg status ned husmenn, dei delte heller ikkje opp gardane. Tenarar sikra dei arbeidskraft, både til inne og utearbeidet, og gjennom heile året. Langhelle nemner ikkje Audamotland (18/1) som ein av gardane med høg eller låg status.¹² Dei hadde ein utsæd på om lag seks tønner korn.¹³ Ein rekna at ei halv tønne gav nok til å dekke behovet til ein vaksen.¹⁴ På Audamotland var dei fem vaksne, og kunne selje meir enn halve kornavlinga. I tillegg fekk dei inntekter frå arbeidet i smia. Dei hadde ei hushalderske, Karen, og ei tenestejente, Anne. Det blei kanskje bruk for hushalderske då Tabitta døydde, også det i 1865. Utover desse to var det ikkje tenarar på bruket. Dei heldt to hestar, eit teikn på at dei dreiv moderne og hadde tatt i bruk plog og harv. Slik skulle ein tru dei klara seg godt. Folkeauken blei tatt opp i garden som blei delt mellom sønene til fleire bruk. Her

gjorde dei ikkje som på gardane med høg status, men følgde ei allminneleg utvikling på Jæren. Talet på bruk gjekk opp, sjå tabell 1 nedanfor, samtidig fall verdien på bruka, som på Audamotland. Jærbøndene klara seg likevel godt og satsa i stadig sterkare grad på bruket åleine, og valde vekk attåttnæringar og sildefiske frå slutten av 1860-talet.¹⁵

Sokn/År	1850	1886	1910
Nærbø	149	283	320
Varhaug	135	323	457

Tabell 1. Talet på bruk i Nærbø og Varhaug. Kjelde: Grude 1914.

Audamotland blei delt på 1860-talet, og igjen i 1873. Neste gong var 1911 då bureisingsbruket Solheim 18/5 blei skild ut i utmarka til 18/1. Johan Kvia kjøpte det, han var skomakar, kom opphavleg frå Høneland og budde på Kvia, nabobruket i søraust. Lars Ødemotland (f.1908) kjøpte 18/5 av Johan Kvia i 1938 og fekk nokre år seinare ein del av 18/1. Ola Pedersson var oldefar til Lars.

Det same skjedde på 18/2. I 1907 gifta Søren Mikal seg med Karen Gurine Kvia (f. 1886). Karen kom frå nabogarden og Søren Mikal var son av Søren som tok over 18/2 i 1873. Same året som dei gifta seg fekk dei ein part av 18/2, det blei kalla "Der vest" (18/4).¹⁶

I 1865 var Audamotland 18/1 om lag 800 dekar, 1950 var bruket om lag 717 dekar.



Flyfoto av Audamotland og Kvia frå 1953. Audamotland er garden til venstre i bildet, ved vatnet. Det gjev eit inntrykk av kor mykje som var dyrka. "Skogen" som ligg mellom Viten-garden og tjørnet i dag var nyplanta. Foto: Widerøe/Hå kommune

INNMARKA

Jæren var eit korndyrkingsområde i første del av 1800-talet, og det viktigaste kornslaget var havre. Det endra seg gradvis, mot slutten av hundreåret hadde

storfeet fått eit endeleg gjennombrøt og mjølkeproduksjon var hovudnæringa. Men dei satsa også på nye salsprodukt som grønsaker, gris, fjørfe og egg, sau eller pelsdyr. Det var særleg etter 1870 at omlegginga gjekk raskt. Pris hadde noko å sei. Det blei lettare å importere billeg korn, men også andre faktorar spela inn. Som til dømes meieria, der bøndene fekk ein sikker pris og leveringsstad for mjølka.

Audamotland var som andre gardar på Jæren. Havre var det viktigaste kornslaget på midten av 1800-talet, i tillegg dyrka dei rug, bygg og poteter.¹⁷ Tabell 2 nedanfor gjev ein oversikt over utsæd og dei ulike åkerareala.¹⁸ Ut frå utsæd kan ein rekne at det samla åkerarealet på om lag 20,4 dekar.

	Rud	Bygg	Havre	Poteter
Utsæd (tønner)	1/6	1/3	5 1/2	2 1/2
Areal (dekar)	0,9	1,6	16,4	1,5

Tabell 2. Utsæd og åkerareal på Audamotland i 1865. Kjelde: Folketeljinga i 1865.

Dei hadde ikkje mykje rug, det var heller ikkje noko dei brukte særleg av. Berre litt til jul, til julekake og lefse. Dessutan var stråa så stive at husdyra ikkje godt kunne ete halmen. På Jæren brukte dei derimot strået som "halje", dvs til å dekke tak eller veggjar med.¹⁹ Poteter og bygg var også til eige bruk.

Grude tek fleire stader opp at Hå låg "tilbake" for områda lengre nord på Jæren på midten av 1850-talet. Så mykje som tjuve år.²⁰ Han refererar mellom anna til Marcus Fredrik Irgens, dosent på landbruksskulen på Ås som reiste rundt på Jæren i 1865, observerte og tok grundige notatar:²¹

*"Thime, Klep og Høiland staar vel fremst; Haa derimod, som ligger lengst mod Syd, ligger mest tilbage, men ogsaa her tager man nu raske Tag, saa der er at haabe, at ogsaa dette Prestegjæld vil komme i Rekke med de øvrige."*²²

Han beskriv ein overgangstilstand. Frå eit jordbruk som var likt over heile Vestlandet med open åker og utan kunstig eng. I åkeren dyrka dei nesten berre havre, 1/10 til 1/8 av åkeren var til poteter. Arealet til poteter skifta kvart år slik at etter om lag 10 år hadde heile havreåkeren hatt eit år med poteter. Havreåkeren fekk gjødsel, ikkje potetene. Eit lite stykke var sett av til bygg, det skifta ikkje, og blei gjødsla med den næringsrike botnen av "hevdaløa". Irgens såg enno denne gamle måten å drive på i Hå kommune.²³ Dei grudde seg for å legge om. Han fortel vidare at på byrjinga av 1860-talet brukte dei ikkje grasfrø i Hå, sjølv om det var vanleg med tilsådde enger over heile Jæren elles.²⁴ På slutten av 1860-talet hadde alle derimot ein liten flekk med kunstgras, og eit lite nepestykke.²⁵

På Audamotland hadde dei sådd om lag 16,4 dekar med havre og 1,5 dekar poteter. Forholdet mellom dei to var 1/11, i overkant av Irgens sitt overslag, men truleg dreiv dei åkerbruket slik han skildra det.

Ved å samanlikne med dei andre bruka i Hå kommune og Jæren elles, får vi også fram informasjon om Audamotland. Tabell 3 nedanfor viser utsæd i prosent.

	Kveite og rug	Bygg	Bland-korn	Havre	Poteter
Hå	1,9	5,1	0,4	54,7	37,9
Jæren	2,0	5,1	0,3	46,9	45,7
Audamotland 18/1	1,7	4,2	0,0	64,4	29,7

Tabell 3. Utsæd i prosent i 1865, kjelde folketeljinga frå 1865 og Grude bd.1.

Tabellen viser at Hå hadde meir havre og mindre poteter enn Jæren samla sett, og at Audamotland hadde endå meir havre og mindre av både poteter og dei andre kornslaga. Ein av informantane meinte det var særleg gode forhold for korndyrking på Audamotland. Det blei sagt at: "Det tyngste kornet kom frå Audamotland og Lode, og det kom frå "Gamleåkeren".²⁶ Dersom dette stemmer kan det forklare kvifor dei dyrka meir korn på Audamotland enn på gardane elles i området – dei fekk betre avlingar og tente godt på korndyrkinga.

Det er vanskeleg å talfeste endringane på bruk nr. 18/1 frå 1865 og fram til jordbruksteljinga i 1939. Grude gir nokre generelle vurderingar om åkerbruket på Jæren mellom 1835 og 1907. Han fortel om ein nedgang i rug, bygg og blandkorndyrkinga, og ein vekst i potetdyrkinga som blei dobla pr. innbyggjar i perioden.

Grude meiner det skuldast potetmjølfabrikkanane i Klepp og Stavanger som tok imot store mengder, særleg frå nord og midt Jæren, med andre ord ikkje frå dei sørlege delane der Audamotland ligg. I 1900 hadde dei også både korn og poteter, men vi veit ikkje kor mykje. Dei hadde ikkje kjøkken- eller frukthage.²⁷

I 1939 hadde Audamotland framleis mykje havre, men mindre enn i Nærbø elles, eller på Jæren. Der var derimot uvanleg mykje kveite, nesten halvparten av arealet til korn var kveite. Her skilde garden seg ut samanlikna med andre gardar. Sjå tabell 4 nedanfor.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Erter
Jæren og Dalane	13,3	1,3	22,7	61,7	0,5	0,2
Nærbø	17,7	1,6	22,9	57,0	0,7	0,0
Audamotland	49,1	0,0	0,0	50,9	0,0	0,0

Tabell 4. Relativ fordeling mellom dei ulike kornslaga (%) i 1939. Kjelde: Jordbruksteljinga i 1939.

Resten av åkerarealet, 14,5 dekar, var delt mellom potet, fôrbete og fôrmargkål. Tabell 5 nedanfor viser den relative fordeling mellom dei andre åkervekstane. Areal til potet var om lag det same som gjennomsnittet på Jæren og i Nærbø. Fôrvekstar hadde dei derimot noko mindre av. Dei hadde ikkje andre grønsaker enn potet på Audamotland, her låg også Nærbø lågare enn Jæren elles. I første del av hundreåret hadde dei

opparbeida ein relativt stor hage (1 dekar), i 1939 var der 10 plommetre (gule plommer, Victoria og blå plommer), 20 ripsbuskar, 15 med stikkelsbær og 15 solbærbuskar.²⁸ Det blei rikeleg med både saft og sylt slik at frukt og bær dyrkinga må ha endra kosthaldet på garden.

	Potet	Fôrnepe, -bete	Kål-rabi	Kål	Gulrot	Grønfôr, fôrmargkål
Jæren og Dalane	51,2	29,3	6,1	2,2	2,7	8,5
Nærbø	49,9	40,3	2,8	0,3	2,2	4,4
Audamotland	51,7	34,5	0,0	0,0	0,0	13,8

Tabell 5. Relativ fordeling av areal til rotgrønsaker og fôrvekster (%) i 1939. Kjelde: Jordbruksteljinga i 1939.



Ved å hjelpe til fekk barna kunnskap om korleis arbeidet skulle gjerast, det var "læra med å gjera". Her er det truleg Steinar Ånestad som er med i slåtten, jenta er ukjent.

Foto: Lars Ødemotland si fotosamling, Jærmuseet.

KULTURMARKSTYPER

For 150 år sidan var det fleire typar kulturmarker på Jæren som vi i dag berre ser spor etter.²⁹

LYNGHEI

Lyngheia har ei over 2000 år lang historie på Jæren. Ho blei til ved at skogen blei brend og lyngvegetasjonen halden ved like ved regelmessig beiting, slått og brenning. I Hanabergsmarka, utmarka til Audamotland, er det i dag restar etter slik lyngheia. Dette var kystlyngheia, eit ope kulturlandskap med ein mosaikk av dvergbuskar, særleg lyngartar, og med innslag av gras og grasliknade artar.³⁰ Kystlyngheia dominerte i eit om lag 25 kilometer breitt belte langs norskekysten opp til Vesteraalen, sørover strekte seg heilt til Portugal.³¹ Det var mange fellestrekk i skjøtsel og bruk av kystlyngheia i dette området. Dyra, små- og storfe, kunne gå ute det meste av året. Her var røsslyngen den viktigaste fôrplanten, og gjennom vinter og vår slo dei planten og gav han til dyra som stod inne.³² Nokre stader brann dei også lyngen, og sikra at han heldt seg ung med maksimal fôrverdi ved å kombinere beite, slått og brenning.³³ Slik utnytta og fremma dei beitekvalitetane til lyngen, og fekk samtidig utnytta den næringsssvake jorda i utmarka. Kystlyngheia stod for om lag 1/3 av vinterfôret, og bøndene kunne halde relativt mange dyr utan å ha store løer med plass til dyr og vinterfôr.³⁴ Driftsmåten føresette ein balanse mot husdyrbruket slik at åkrane kunne få godt med gjødsla, kvart einaste år. I tillegg blanda dei andre jordforbetningsmiddel, særleg torv eller lyng, inn i gjødsla.³⁵ Nokre stader supplerte dei

denne komposten med tang, tare og fiskeavfall.³⁶

Kystlyngheia var ein viktig ressurs på Audamotland i heile perioden frå 1850 til 1950. Ho forsvann gradvis då dei starta med gjødsling av Hanabergsmarka, frå om lag 1950-talet.

STRANDENGER

Dette er ein gammal kulturmark med stor artsrikdom, og ein kulturmarkstype vi finn langs Jærkysten. Dette er ofte fuktige, kalkrike engar med næringskrevjande planter. Audamotland har ikkje denne kulturmarkstypen, men ein finn eksempel lenger ute ved kysten.³⁷

SLÅTTEENGER

”Tjukkingja” låg nær åkrane og fekk noko gjødsel. Deretter kom ”tynnengjå”, naturenga som gav lite slått og mest berre var nokre grastustar som stakk opp mellom steinane.³⁸ Dette var gammal ugjødsla kulturbeite som regelmessig blei slått og beita. Det blei ikkje sådd framande grasartar i desse engene, som var særst artsrike og med ein balanse mellom urter og gras. Arealet til natureng var stort, vanlegvis 9/10 av innmarksarealet,³⁹ overført til Audamotland 18/1 utgjorde ho då om lag 180 dekar. Desse slåttengene er sjeldne i dag. På Audamotland kan ein sjå restar etter slåtteng, sjølv om det i følgje jordbruksteljinga i 1939 ikkje var meir natureng igjen på garden.

I 1950 nytta dei all vegetasjon og slo graset heilt inntil gjerdene. I dag er det sjeldan, og i sonene langs steingardane kan ein sjå noko av den gamle artsmang-

faldet som var i slåttenga. På Audamotland er det ei slik randsone mellom garden og Hanabergsmarka.

ÅKEREN

Omreisande jordbrukspatriotar observerte at beita på Jæren ikkje var mykje å skryte av, medan åkeravlingane var overraskande store i første del av 1800-talet. Mykje på grunn av det gode klimaet og den gode grunnjødslinga som åkeren fekk.⁴⁰ Det fins skriftlege kjelder tilbake til 1700 talet som fortel korleis jærbedene forbetra åkerjorda.

”De spaede Jordklumper (Heietorv) slaa smaat Lyng og samle Tare og Tang af de Viger, hvor den af Havet opslaaes for at forfriske og formere Gjødningen til deres Aagre”⁴¹

Dette skreiv Amtmann de Fine i 1745. Løytnant Flor reiste på Jæren i 1810 og skildra gjødselhandteringa på denne måten:

”Bonden kaster i Almindelighed sin Møg i Dyngen under aaben Himmel udenfor Stald og Fjøs, som er meget skadelig, da den derved udludres av Regnen. Den bliver blandet stundom med Myrjord, men fornemmelig med Lyngtorv, som af Hederne afskrølles, eller og med den blotte Lyng, som til den Ende afslaaes og hjemkjøres.”⁴²

Han irriterar seg samstundes over at dei ikkje utnyttar taren til jordforbetring. Irgens, dosenten frå landbruksskolen på Ås, fortel om gjødselhandteringa 50 år seinare, på midten av 1860-talet. Då samla dei opp gjødsel i ”Hevdaløa” som ligg inntil fjøsen. Dei var



Frå hagen på Audamotland, i følgje jordbruksteljinga hadde dei i 1939 10 plommetre, 20 ripsbuskar, 15 med stikkelsbær og 15 med solbær. Her har Maria Ødemotland, dottera Åsa og mor Pernille Taksdal plukka bær, kanskje solbær?
Foto: Sigrun Ødemotland Damsgård si fotosamling, Jærmuseet.


overbygde, "Gjødselhuse", han fann praksisen fornuftig i det regnfulle klimaet. Næringsstoffa blei ikkje vaska ut, og ordninga gjorde det lett å handtere gjødsla. Gjødselplassane utan tak, "Mittingen" var sjeldne, men vanlege berre få år tidlegare. Han fortel også at Jæren har god tilgang på fleire gjødselemne; fiskegjødsel, tang, skjelsand og mergel i tillegg til bygjødsel omkring Stavanger. Og han gir ros fordi dei utnyttar dette, fiskegjødsel over heile Jæren, altså også i dei sørlege delane så tidleg som på 1860-talet.⁴³ Brisling og anna avfall frå sommarfiske blei kompostert medan ganet frå vinter- og vårsildfisket blei brukt med ein gong. Dei kjøpte det under fisket og la det i haugar som blei

dekka til. Om våren var det i "noget forraadnet og ildelugtende Tilstand". Då la dei det utover for hand. Gjennomsnittleg jordmengde i forhold til gan var 15 lass jord til eit lass gan.⁴⁴ Dei brukte også restar frå sildesaltinga, det var salt og blei lagt i komposten.⁴⁵

Tang og tare bruke dei nær kysten og i om lag ei halv mil inn i landet. Det var også noko nytt, skriv han. Det meste blei brukt fersk, noko blei langt i komposten. Taren blei brukt på enga, i rotfrukt- og kornåkeren. I kornåkeren blei ho gjerne pløgd ned, medan ho blei spreidd utover enga medan ho var fersk.⁴⁶ Audamotland låg nær jærkysten, og ein kan anta at dei har henta tare og brukt det til jordforbetningsmiddel.⁴⁷



Åsa Ødemotland på ein stein i Hanabergsmarka, i bakgrunnen går kyr på beite. Dette var utmarka til garden og kystlynghei før dei byrja å gjødsla ho og grasartane tok over for lyngen. Foto: Lars Ødemotland si fotosamling, Jærmuseet.



På Audamotland dreiv dei oppdrett av høns og hadde kyllingar i det karakteristiske runde huset. Her gir Maria Ødemotland f. Taksdal hønsa mat. Foto: Sigrun Ødemotland Damsgård si fotosamling, Jærmuseet.

Husdyrgjødsla blei i hovudsak nytta til åkrane, vanlegvis spreidd ut om våren, men det kunne også vere haustpløying. Informant f.1920 fortalde at det var litt ulikt om det blei gjødsla før eller etter såing, og hadde ein tilgang til tare blei også dette nytta som gjødsl i

åkeren. Taren blei lagt inn i hevdafjoset og blanda saman med det som låg der.

Prisane på ganet steig, og låg på det høgste omkring 1880. Deretter fall det sterkt, det blei erstatta av "de nye Kunstgjødninger af flere Slags".⁴⁸ Det blei


brukt mykje mergel på 1880-talet, og skjelsand. Særleg etter at det blei oppdaga på sjøbotn nord for Stavanger. Det blei tatt på land i Sandnes og kjørt sørover med Jærbanen. Når det gjeld kunstgjødning er det uklart når det kom i bruk, men frå ein nabogard har ein informasjon som truleg også kan nyttast på Audamotland. "Dæ kom noge så me kalte for Norgessalpeter, di kom i tunne. Dæ broktes på alt, både på eng, ågrar og på næbene. Dette va der kåme litt av då æg va liden onje." (Informant fødd 1912)

I 1865 var åkerarealet 20,4 dekar på Audamotland, dei hadde truleg ikkje kunsteng. I 1939 var åkerarealet til saman 41 dekar,⁴⁹ der dei dyrka korn, poteter og fôrvekstar. Dermed var det ein auke i åkerarealet på 100 % på 75 år. I tillegg var der 25 dekar eng til slått på dyrka mark og 3 dekar kultureng på dyrka jord, slik 69 dekar av garden blei rekna som dyrka. Ein auke på 48,6 dekar på 100 år. Her var steinen fjerna slik at det var mulig å bruke hestereiskapar. Det er mykje stein på Audamotland, og som mange andre stader på Jæren blei steingardane både fleire og breiare i perioden. I tillegg til det dyrka arealet hadde dei 28 dekar med gjødsla beite, slik at jordbruksarealet i alt var 94 dekar.

Etter mange år med jordarbeid vil jorda gradvis sige nedover i skrånande terreng, og det vil bli opparbeida ein kant; åkerreina. Det er vanskeleg å sjå ei slik åkerreine langs den eldste åkeren på Audamotland, men så skrånar heller ikkje terrenget særleg på garden.

Med eit jordbruksareal på 94 dekar i 1939 var Audamotland ein av dei større gardane på Jæren, der berre 26% av gardane hadde eit jordbruksareal som

var større enn 75 dekar, sjå figuren nedanfor.⁵⁰ Ser ein vekk frå utmarksareala var dei fleste bruka på Jæren mellom 20 og 50 dekar. Nærbø hadde fleire relativt store gardar enn Jæren elles, 35% av bruka var større enn 75 dekar. Vi kan dermed konkludere at sjølv om garden var delt opp høyrde Audamotland 18/1 til blant dei større gardane, også på Nærbø.



Figur. Storleiken på bruka (dekar) i Rogaland, på Jæren og Nærbø (% av bruka i dei ulike storleiksklassane). Kjelde: Jordbruksteljinga i 1939.

HUSDYRA

I åra mellom 1865 og 1939 tredobla dei det dyrka arealet. Dei opparbeida ein hage med frukt og bærtre, og ikkje minst, dei utvida talet på dyr, sjå tabellen nedanfor.

År/ Hus- dyrslag	Hest	Stor- fe	Kalv	Får	Gris	Høns	Kyllingar
1865	2	7		20	1	0	0
1939	4	12	3	100	0	100	250
1940- 1945	3	16		60	3	400	600

Tabell 7. Tal på husdyr på Audamotland (18/1) i 1865 og 1939.

Dei hadde ikkje traktor i 1939, men fleire hestar. Talet på storfe var dobla. Som så mange andre stader heldt dei i 1865 ein gris til eige bruk. I 1950 var det vanleg med mjølkeproduksjon, og i tillegg satse på to andre husdyrslag.⁵¹ På Audamotland satsa dei på sau, og ikkje minst fjørfe. Dei starta med fjørfe ein gong i siste del av 1800-talet.⁵² Jordbruksteljinga i 1939 blei gjort på sommaren, folketeljinga i 1865 i byrjinga av januar 1865. Dette påverkar data, til dømes vil talet på får vera høgare på sommaren enn på vinteren. I 1939 hadde dei 50 lam og 50 søyer.

Jordbruksteljinga frå 1939 gjer det mulig å samanlikna dyretalet på Audamotland med ein gjennomsnittleg gard i fylket på same storleik. Då ser vi at Audamotland var om lag som dei andre i Rogaland. Dei hadde ikkje svin, men litt fleire sauer og høns, sjå tabellen nedanfor.

	Hest	Kyr	Anna storfé	Sau	Gris	Høns	Kyllingar
Rogaland	3	9	6	46	7	92	0
Audamotland	4	9	6	50	0	100	250
Jæren		12		41	13	193	0

Tabell 8. Husdyr på Audamotland, på Jæren, og eit gjennomsnittleg bruk i Rogaland. Om lag same storleik på bruka. Årstal 1939.

Samanliknar vi med Jæren var dei typiske i drifta. Dei hadde korn, mjølkeproduksjon og to andre husdyrslag i tillegg, fjørfe og sau. Men, etter vår meining, var



Som andre gardar på Jæren hadde dei storfe, her er Gabriel Ødemotland med ein okse i gardstunet.

Foto: Sigrun Ødemotland Damsgård si fotosamling, Jærmuseet.

talet på husdyr for lågt til at vi kan kalle Audamotland ein typisk jærsk gard. Ein grunn til det kan vere at driftsbygningen ikkje hadde rom for fleire, bygnings-teikningane tyder på det. Det kan også vere at dei heldt lenger på korndyrkinga, noko bruken av arealet kan indikere.

HEIAFØRING AV SAU

Utover 1800-talet auka talet på dyr på Jæren og beitepresset blei så stort at det blei nødvendig å gå ut av regionen for å skaffe nok fôr. Frå 1830-talet byrja dei å føre sauene på heiaarbeite i Sirdal og Setesdalsheiane, denne driftetraffikken auka utover hundreåret. Det er usikkert når dei byrja å sende sauene opp i heia på Audamotland. Informant (f. 1938) fortalde at dei førde sauene på sommararbeite under 2.verdskrig. Då blei



Kart over drifteheiene for sau i Sørvest-Norge. 1: vegar brukt til transport av sau med bil. 2: Ein av dei gamle drifteheiene som var i bruk til om lag 1950. 3: sommararbeite for driftesau frå Rogaland. 4: areal over 1 000 moh. Kartet er henta frå *Sømme 1954:258*.

sauene køyrde opp på sommararbeidet, tidlegare måtte dei gå opp med sauene.

Informant som kjem frå Time kommune fortalde om driftetraffikken. Dei reiste med sauene til fjells i juni, det tok 8-9 dagar før dei var drivne heilt opp. Då hadde dei med 1 300 sauer og var 4 mann som dreiv. Dette heldt på til godt ut i mellomkrigstida, til dei tok i bruk lastebilar i 1927. Innan 2. verdskrig var dette vanleg.⁵³ Avstanden frå Jæren til heiene i Sirdalen utgjorde om lag 100 til 120 km, sjå kartet ovanfor.

BYGGESKIKKEN

"Den gamle bebyggelsen er preget av naturforholdene. Vindern stryker langs landet fra nordvest og sørøst, og

klimaet er mildt og fuktig. Husene er lave og ligger med den ene langsiden vendt mot sørvest – ut mot sjøen."⁵⁴ Den regionale byggeskikken hadde utan tvil dette preget fram til 1850, bustadhuset var det såkalla jærhuset.⁵⁵ Utskiftningslovene saman med generelle oppgangstider endrar byggeskikken, husa blir flytta på og modernisera, og dei nye husa blei både høgare og større enn før, og med heilt andre proporsjonar. Denne typen blei kalla "Sandneskasse", og laga som ferdighus på Sandnes frå siste del av 1800-talet. Dei skulle dominere arkitekturen i i regionen i fleire tiår.⁵⁶ På Solheim (18/5) sette dei mellom anna opp eit slikt hus etter at bruket blei skildt ut i 1911.

I 1850 hadde uthusa enno preg av det gamle, dei var små og låge, og fjøset og løa var adskilt. Det var



Heimehuset sett frå vest. I nordenden av bygningen var folgehuset. I bakgrunnen ser vi fjosen.

Foto: Sigrun Ødemotland Damsgård si fotosamling, Jærmuseet.



Ein gut, truleg Søren eller Lars Ødemotland sit på kjerra. I bakgrunnen er vindmaskina, dei var vanlege på gardane på Jæren rundt år 1900. Denne blei truleg sett opp i 1901. Foto: Lars Ødemotland si fotosamling, Jærmuseet.

først etter 1850 at løa og fjøset blei bygt under same tak. Omlegginga av jordbruket frå 1860 – åra førte til at avlingane auka, buskapan voks, dei økonomiske tilhøva blei betra og krava til uthusa blei også større. I tillegg til at uthusa blir samla under eitt tak, blir det

også bygt låvebru inntil fjøset og køyrbar lemm over. Byggemateriala endrar seg til meir teglstein, mørtel og sement, og eldhuset blei til brunnhus.⁵⁷

Audamotlandstunet har i dag fem bygningar. Heimahuset, driftsbygning, kyllinghus, kjerrehus og

halmhus. I tillegg var det smie, sauefjøs og nepehus. I hagen var det også eit "solhus" på om lag 4 kvm, her kunne taket løftas av slik at sola slapp inn til sjuke eller andre som hadde behov for det.⁵⁸ Driftsbygningane er i dag dekte med blikkplater på alle veggene med unntak av dei austlege. Dei var i ly av regnet og trong berre bordkledning. Ut i frå foto kan det sjå ut som at dese blikkplatene blei sett på etter siste verdskrigen.

Driftsbygningen har hatt mange byggesteg. Eldste delen, ei grindaløe på om lag 128 kvm, hadde ikkje låvebru slik at både fôr og buskap var på ei flate. Byggeskikken tyder på at uthuset blei sett opp før "Det store hamskiftet" breidde om seg.⁵⁹ Fjøset med brunnhus er om lag 80 kvm, låven er 70 kvm, første etasjen er bygd med raud murstein, låven har enkel kledning og er frå rundt 1900. Nordre delen er dekt med blikkplater. Det blei bygd på stall mot vest på 27 kvm, hønsehus mot aust på 38 kvm og mot sør på 28 kvm. Alle desse påbygga blei gjort før 1940.⁶⁰ Konstruksjonen av desse påbygga er reisverk og kledning dekt med blikkplater som var emballasje hjå Underhaug fabrikk på Nærbø. Bygningsmaterialet og bygningsteknikk er difor ein spennande studie i endringar over tid. Taket er isolert med lyng.

Kyllinghuset er 16 kvm og liknar ein rundsilo bygt av raud murstein og betong. Bygningen er 4,5 m i diameter, 2 m høg og blei varma opp med koks. Kyllinghuset var til oppdrett, oppvarminga var koks og blei bygt før 2. verdskrig.

Halmhuset er reisverk konstruksjon med kledning og dekt med Underhaugs Fabrikker sine blikkplater. Byg-



Marit(bak) og Liv(til venstre) Vetteland saman med syskenbarnet Sigrun Ødemotland (fremst). Sauefjøsen i bakgrunnen. I dag står berre litt av grunnmuren igjen, like innanfor gjerdet mot Hanabergsmarka. Dei bygde fjøsen i 1943, etter at dei vann 500 kroner i pengelotteriet.

Foto: Sigrun Ødemotland si fotosamling, Jærmuseet.

ningen var for å lagra halm, er om lag 100 kvm og blei bygt før 2. verdskrig.

Næpehuset er bygt i betong og gravd inn i bakken, dette er nok gjort med omsyn til frostsadar på næpene.

Bygningen er på 30 kvm og blei bygt før 2. verdskrig. **Smia** på gnr. 18 bnr. 1 blei lagt ned, når er usikkert, men smia på gnr. 18 bnr. 2 der Olav var smed var i aktiv bruk. Der var også eit tørkehus til korn attmed smia.

Kjerrehuset er på 70 kvm og har grindakonstruksjon med innslag av skipsplank. Taket er bølgeblekk og veggane er kledning og kledde med blikkplater og bølgeblekkplater. Byggeåret er ikkje stadfesta, men før 2. verdskrig.

Sauehus. I 1943 vant folket på Audamotland kr 500 i lotteri og same året blei det bygt nytt sauehus på 45 kvm i reisverk og kledning. Dette sauehuset blei reist ut i Hanabergmarka og ikkje attmed dei andre gardsbygningane.

Med bakgrunn i faglitteraturen ein finn om dette emnet er det heilt klart at Audamotland fell innanfor mønsteret av regional byggeskikk. Det gjeld jærhuset som bustadhus, og det gjeld uthuset som er bygt i fleire omgangar.⁶² Men, bygningane, og då særleg jærhuset, blei ikkje modernisert i perioden fram mot 1950. Her skil Adamotland seg ut med eit regionalt avvik.

MUSEUMSGARDEN AUDAMOTLAND, FØR OG NO.

Kva slutning kan ein gjera ut ifrå denne kartlegginga av Audamotland gnr. 18 bnr. 1 i tidsperioden 1850 til 1950? Er han representativ for regionen? Faktorar som peikar seg ut er storleiken på bruket, forholdet mellom utmark og innmark, kva som blir dyrka, omlegging frå korn til husdyr og at garden blir den einaste leveveg. Garden blir såleis eit vanleg jærsk familiebruk. I 1865 tok åker og korndyrking mesteparten av den dyrka

jorda samstundes som talet på husdyr var høgt, truleg meir enn til eige bruk. Det kan tyda på at den store utmarka, Hanabergmarka, har vore ein svært viktig fôr og beiteressurs.

I slutten av mellomkrigstida var bøndene på Jæren husdyrbrukarar, samstundes som dei dyrka korn, først og fremst havre. Audamotland skilde seg frå gjenomsnittet. Det var ein av dei større gardane, og satsa vesentleg mindre på husdyr og meir på korn enn kva som var vanleg.

Garden har gjennom nemnde tidsperiode fått eit bureisingsbruk, der bustadhuset blei bygt nytt i moderne arkitektur. Attåtnæringar eller mangsysleri har det vore i form av smed. I samband med eigedomsvertakingar har heimahuset blitt utvida og ombygt, det skjedde både på midten av 1800 – talet og rundt 1908. Noko liknande skjedde med fjøsbygningen. Det blei bygt nytt rundt 1900 og så blei det fleire påbyggingar fram mot 1950, stall, hønsehus, kyllinghus og sauehus. Ein kan såleis vurdera at uthuset i heile perioden følgde dei endringane som prega regionen. Det kan ein ikkje seia om bustadhuset, det ber tydeleg preg av forfall fram mot 1950, truleg i endå større grad bustadhusa elles i regionen.

Museumsgarden som den er i dag ber preg av konservering og modernisering på same tid. Bygningane, både inn – og uthusa har i liten grad blitt endra sidan før krigen, og er truleg eit av dei eldste frå regionen i dag.⁶³ Derimot har både den dyrka marka og utmarka blitt kultivera i tråd med intensivt jærsk jordbruk. Innmarka er i hovudsak overgjødsla gras-

mark og åker med korn- og potetdyrking over lang tid. Det finst berre små randsoner att som ein kan kalla ugjødsla slåtteeing. Utmarka, som i dag er offentleg kultur – og friluftsområde, har lite og spreidde innslag av kystlynghei, men er likevel ein av dei siste stadane på Låg-Jæren at det framleis er att noko kystlynghei i det heile.

I 1999 registrera og dokumentera Rogaland fylkeskommune kva som var att av jærhus på Jæren, talet blei 110, og blant desse er jærhuset på Audamotland. I tillegg står den gamle grindbygde løa att som ein del av uthusbygningen.⁶⁴

Med bakgrunn i at Audamotland i dag er ein museumsgard med dei pedagogiske verdiane som er nemnt, fører dette til både plikter og ansvar som museet må ta på alvor. Bygningane er under kontinuerleg restaurering, og som eit resultat av prosjektet Norgesgarden vil det bli både ein plan for den vidare drifta av garden og ein skjøtselsplan for innmarka. Målet er at museumsgarden skal formidle det før motorisera jordbruket på Jæren.

NOTAR

¹ Jøssang 2004:21

² Jøssang 2004:35

³ Rønneseth:216ff

⁴ Skøyte tinglyst 12.11.1849. Lisabet Risa, Statsarkivet i Stavanger.

⁵ Rekna ut frå matrikkelskyld oppgitt av Grude 1914 bd 2:6f

⁶ Edland 1971:239

⁷ "Kystlyngheiane er lyngdominerte, skoglause plantesamfunn som finst langs kysten frå ytre Oslofjord til Troms." NTNU Vitenskapsmuseet 2000

⁸ Informant f. 1942 kunne huske at det var fisk å få.

⁹ Edland 1971:239

¹⁰ Jøssang 2004. Lite skilnad på folk.

¹¹ Langhelle 2011.

¹² Langhelle 2011. I fotnotane s. 16 er gardane med høg og låg status oppgitt. Audamotland er ikkje blant desse.

¹³ Folketeljinga 1865

¹⁴ Langhelle 2011

¹⁵ Langhelle 2011

¹⁶ Edland 1977:240.

¹⁷ Basert på folketeljinga frå 1865.

¹⁸ Reknar med at utsæden blei oppgitt i tønner, eit gammalt rommål for korn. Ei tønne tilsvare 139 liter og i Norge kunne ein så til 3,937 dekar med ei tønne såkorn. Kjelde: Store Norske leksikon bind 14. Her brukar eg tala til Grude bd1, han refererer til Udsædoppgaverne for 1835 og meiner det er eit godt utgangspunkt for å rekne ut areala til dei ulike vekstene: Kveite 25 l/mål, rug 25,9 l/mål, bygg 30 l/mål, blandkorn 40 l/mål, havre 47,3 l/mål og poteter 241 l/mål.

¹⁹ Grude bd 1:148

²⁰ Grude bd 1:94 og 99.

²¹ Grude bd 1:48.

²² Grude bd 1:99.

²³ Grude bd 1:111

²⁴ Tilsådde med ei blanding av tiomotei, kvitkløver, alsikkekløver, raigras og hvene. Grude bd 1:99 Grude fortel også at før landbruksskulen på Austrått var det ikkje muleg å kjøpe grasfrø i området, altså ikkje før 1848

²⁵ Han fortel og at garden "Kvie og Haa Præstegaard" var pionerar innan nepedyrkinga. Dei ligg rett ved sidan av Audamotland, det same gjorde Næsheim, som hadde vore ein pioner på fleire område.

²⁶ Informant f. 1942

²⁷ Folketeljinga 1900

²⁸ Jordbrukssteljinga frå 1939. Der skal også ha vore kirsebærtre, men det er ikkje oppgitt i jordbrukssteljinga.

²⁹ Referanse til kulturlandskapstypene i Rogaland er heftet utgitt av Fylkesmannen i Rogaland.

³⁰ Steinnes 1987:8

³¹ Kaland 1986:19

- ³² Lundberg et al.1996:175
- ³³ Steinnes 1987:10
- ³⁴ Kaland 1986:21
- ³⁵ Lundberg: 6f Løyntant Flor reiste på Jæren i 1810 og skildra gjødselhandteringa på denne måten: "Bonden kaster i Almindelighed sin Møg i Dyngen under aaben Himmel udenfor Stald og Fjøs, som er meget skadelig, da den derved udludres av Regnen. Den bliver blandet stundom med Myrjord, men fornemmelig med Lyngtorv, som af Hederne afskrølles, eller og med den blotte Lyng, som til den Ende afslaaes og hjemkjøres." Referert i Grude bd1:75
- ³⁶ Lundberg et al.1996:175 Irgens, som reiste på Jæren på 1850-talet, observerte ikkje at dei brukte tang og tare som jorforbetningsmiddel. Truleg ulik praksis på Jæren?
- ³⁷ Referanse til kulturlandskapstypene i Rogaland er heftet utgitt av Fylkesmannen i Rogaland.
- ³⁸ Sjå til dømes Lindanger og Nordås, eller Sømme.
- ³⁹ Lindanger 1988:312
- ⁴⁰ Grude bd1:113
- ⁴¹ Referert i Grude bd1:51
- ⁴² Referert i Grude bd1:75
- ⁴³ Grude meiner at dette ikkje var like vanleg i Hå som lenger nord. Bd1:299
- ⁴⁴ Grude bd1:101f. Han fortel også kor mykje gan dei brukar på nydyrka land og på havreåkeren.
- ⁴⁵ Det heraf faldende salte Gan kom da i Smaafartøier til Sandnæs og solgtes til Jæderbuen som anden Spekulationsvare. Grude bd1:102
- ⁴⁶ Grude bd1:103
- ⁴⁷ Dette blir også berefta av informant.
- ⁴⁸ Grude bd1:298
- ⁴⁹ 26,5 da til korn og 14,5 til poteter og førvekstar.
- ⁵⁰ Her er berre bruka over 5 dekar talde med, nesten 5000 av 32 300 bruk i Rogaland hadde i 1939 eit jordbruksareal som var mindre enn 5 dekar.
- ⁵¹ Frøyen 2000
- ⁵² Folketeljinga frå 1900 opplyser at der var fjørfe på garden, men ikkje kor mange.
- ⁵³ Hertel-Aas 1998:102
- ⁵⁴ M. Hoffmann 1977: 56
- ⁵⁵ Eit ganske lågt hus i 1 ½ etasje. Det har skutar eller svoler, halvkalde eller kalde rom utanfor den tømra kjernen. Er i hovudsak bygd før 1900.

- ⁵⁶ A.T. Braut , M. Paavola: Årbok for Jærmuseet 2002.
- ⁵⁷ B.T. Egeland: Årbok for Jærmuseet 1997
- ⁵⁸ Heimehuset er omtala i Målfrid Snørteland, Hans Dybvad Olesen og Knut G. Austad. 2010. s. 88-96. Her er det også ein illustrasjon som viser plasseringa av husa på garden.
- ⁵⁹ "Det store hamskiftet" blir omtala frå om lag 1850 då det norske landbruk gjennom gjekk ein teknisk, sosial og kulturell modernisering
- ⁶⁰ Informant f. 1942
- ⁶¹ M.Hoffmann 1977: Jærhuset
- ⁶² B.T.Egeland: Årbok Jærmuseet 1997.
- ⁶³ B. Heggenhougen:NIKU nr. 21244000
- ⁶⁴ T. Måseidvåg 1999: Rogaland Fylkeskommune – jærhus.:

LITTERATUR

- Braut, Anne Torunn og Mette Pavolaa.** "Viss jeg skulle bygge..." om første fase av Block-Watnes typehuskonstruksjon. I Sjå Jæren årbok for Jærmuseet 2002.
- Edland, Torgeir.** 1971. Gards og ættesoga for Nærbø
- Egeland, Bjarne Tron.** Uthus på Låg-Jæren 160 års utvikling frå 1800 – 1960. Årbok for Jærmuseet 1997.
- Frøyen, Anne Jorunn.** 2000. Den driftige jærbonden i etterkrigstida – myte eller realitet? Hovudoppgåve i historie, UiB.
- Frøyen, Anne Jorunn og Knut G. Austad.** 2012. Landskapsendringar sett gjennom ein museumsgard på Jæren – Audamotland i Hå. i Heimen nr.3 s. 291-302.
- Fylkesmannen i Rogaland 1995.** Forvaltningsplan for Hanabergmarka kulturminne – og friluftsområde.
- Fylkesmannen i Rogland, Landbruksavdelinga.** 1997. Kulturlandskap i Rogalandsjordbruket.
- Grimstvedt, Målfrid, Torbjørn Hertel-Aas og Lars Gaute Jøssang.** 1996. Med sauen til heis.
- Grude, M.A.** 1914. Jæderen 1814 – 1914. Bd. 1 og 2.
- Heggenhougen, Brit.** NIKU nr. 21244000
- Hertel-Aas, Torbjørn.** 1998. Heieføring og heisesjefar gjennom 160 år. Hovedoppgave i historie ved historisk institutt UiB
- Hoffmann, Marta.** Jærhuset, utgjeve av Norsk Folkemuseum 1977

Holmboe, Grete. Prosjekt bygningsvern i Ryfylke i Rappoet nr. 2. Konstruksjon i tre. Ryfylkemuseet.

Indrebø, Hans Torgny 2008. Fiske i Sjø Jæren Årbok for Jærmuseet

Jøssang, Lars Gaute. 2004. Industrieventyret på Jæren.

Kaland, Peter Emil. 1986. The origin and management of Norwegian coastal heaths as reflected by pollen analysis. I Karl-Ernst Behre (red.). Anthropogenic Indicators in Pollen Diagrams.

Langhelle, Svein Ivar. 2011. Idealisert og inkludert, men ikkje likeverdig. I Heimen, bind 48, s. 3-18.

Lillehammer, Grete. Konfliktar i landskapet Ams – Varia 42

Lindanger, Birger og Hallvard Nordås. 1987. Klepp Bygdesoge 1937 – 1987.

Lindanger, Birger. 1995. Då Øksna – Motland låg øyde. Pest og øydetid i Nærbø 1349 – 1600. i Sjø Jæren Årbok for Jærmuseet

Lye, Kåre Arnstein. red. Jærboka, naturmiljøet bind 1 Måseidvåg, Torunn 1999. Rogaland fylkeskommune, Jærhus – planutkast

Rønneseth, Ottar. 2001. Gard og gjerde

Snørteland, Målfrid. 1995. Audamotlandsgarden i Sjø Jæren Årbok for Jærmuseet.

Snørteland, Målfrid, Hans Dybvad Olesen og Knut G. Austad. 2010. Audamotland i Sjø Jæren Årbok for Jærmuseet s. 89-99.

Sømme, Axel. 1954. Jordbrukets geografi i Norge.

Thomsen, Hanne (red.). 2003. Rogaland.

Tveite, Stein. 1983. Den driftige jærbu – myte eller realitet. I Utne (red). Stavanger museum Årbok 1982

ANDRE KJELDER

Prøsch - Danielsen L.: Naturhistorikar ved AMS.

Jordbruksteljingane i Norge 1918, 1929, 1939 og 1949.

Grunnlagsmateriale frå jordbruksteljinga i 1939, gard nr. 18, b.nr.1 i Hå kommune.

Intervjumateriale ved Jærmuseet:

Informant f. 1911, tidlegare heiasjef.

Informant f. 1938

Informant f. 1943